


LUSTER AUSTRE FJELLSTYRE



Årsmelding 2024



Gjertvasshytta. Foto: Inger Moe

Innhald

Luster Austre Fjellstyre	2
Møte og deltaking	3
Uttalar	3
Oppsynsteneste og administrasjon	3
Tenestosal	4
Villreinforvaltning og -jakt i Reinheimen-Breheimen villreinområde	5
Villreinforvaltning og -jakt i Vest-Jotunheimen villreinområde	5
Fiske og fiskestell	5
Småvilt	6
Prestasteinshytta	6
Gjertvasshytta	7
Båtar og naust	8
Fjellsport og turbruk	8
Økonomi	9

Luster Austre Fjellstyre

Luster austre fjellstyre har hatt denne samansetjinga:

- Bård Flattun Lilleeng, Gaupne, leiar til 23. mai
- Knut Hauge, Indre Hafslo, leiar frå 24. mai
- Jonny Gjerde, Skjolden, nestleiar
- Wenche Samnøy, Fortun
- Steinar Mørkrid, Fortun
- Monica Svensøy, Fortun

Personlege varamedlemmer:

- John Rolf Bjørnevåg, Fortun
- Elin Hauge, Skjolden
- Marc-Stian Stokkenes, Skjolden
- Svein Tore Heltne, Luster
- Eli Hansen Moen, Skjolden

Representantar i råd og utval:

- Bård Flattun Lilleeng, og seinare Knut Hauge har representert statsallmenningen i Vest-Jotunheimen Villreinutval. Jonny Gjerde er vara.
- Jonny Gjerde har representert statsallmenningen i Reinheimen-Breheimen Villreinutval, og sit i styret der.

Administrasjon:

Fjellstyret tilsette Inger Moe i prosentstilling som dagleg leiar og fjelloppsyn frå 1. februar.

Møte og deltaking


- Det vart halde åtte møte; seks ordinære møte og eitt ekstraordinært møte i samband med ei klagesak, samt årsmøtet, som vart avhalde i forkant av eit vanleg fjellstyremøte. 48 saker vart handsama.
- Bård F Lilleeng frå fjellstyret og Inger Moe (fjelloppsyn) deltok på kurs for nye fjellstyre høvesvis på Lillehammer og Øystese.
- 5. mars deltok Bård Lilleeng og fjelloppsynet på teams-møte med diverse organisasjonar som engasjerer seg for villreinen, der temaet var Statnett sine planar om å forsterka straumnettet mellom Sogndal og Årdal. Møtet munna ut ein felles uttale.
- Fjelloppsynet deltok på Luster kommune sitt årlege møte vedrørende Luster felles fiskekort.
- Jonny Gjerde og fjelloppsynet møtte på årsmøtet for fjellstyra i region 3 16.-17. april. Fjellstyret fatta i forkant vedtak om å melda seg inn i denne samanslutninga.
- Dei same vart til stades på årsmøtet til Reinheimen- Breheimen Villreinutval på Åndalsnes 27. april. Her vart det mellom anna vedteken ein ny bestandsplan. Jonny Gjerde vart vald inn i styret i utvalet.
- Bård F Lilleeng deltok på årsmøtet til Vest-Jotunheimen Villreinutval der det også vart vedteke ein ny bestandsplan. Elles kan det nemnast at det vart oppmoda til samanslåing av heile villreinområdet til eitt vald. Fjellstyret har stilt seg positive til dette.
- Fjellstyret har ansvar for å administrera jakta på vegne av Luster fellesområde, og kalla difor saman fellesområdet til møte 1. juli. Jonny Gjerde deltok saman med fjelloppsynet.
- Knut Hauge og fjelloppsynet deltok på møte i rådgiævande utval for Jotunheimen Nasjonalpark i Vågå 11. september.
- Fjelloppsynet har delteke på fleire møte med Hydro i samband med den planlagde utbygginga av Illvatn kraftstasjon. Arbeidet skal etter planen starta opp våren 2025. Regulanten er pålagt å halda ekstra oppsyn med villreinen i utbyggingsfasen, og det er avtala at fjelloppsynet skal ha denne oppgåva, samt ha ei koordinerande rolle i høve villreininteressene. Dei fleste av medlemmene i fjellstyret var også til stades då Hydro hadde folkemøte på Fjordstova 9. november.
- Fjelloppsynet fekk vera med på det årlege oppsynsmøtet som Reinheimen-Breheimen Villreinutval held i forkant av jakta. Ho fekk også hospitera på reinsoppsyn med SNO.

Uttalar

- Til Statnett om KVU for lineforsterking mellom Sogndal og Årdal. Uttale saman med diverse villreininteressar på initiativ frå villreinutvalet
- Til Luster kommune imot tidleg opning av Sognefjellsvegen våren 2024. Uttale saman med villreinutvalet og diverse andre med engasjement for villrein.
- Til NVE i samband med endringssøknad for Illvatn kraftstasjon.
- Uttale til Statnett via villreinutvalet vedrørende oppgradering av kraftnettet (haust -24)

Oppsynsteneste og administrasjon

Ved starten av året hadde ikkje fjellstyret noko tilsett, men frå 1. februar vart Inger Moe tilsett som dagleg leiar og fjelloppsyn i timebasert stilling frå 1. februar, . Ho har fungert som sekretær for fjellstyret, administrert jakt og fiske, hatt ansvaret for utleige og tilsyn med hyttene og båtane og utført oppsyn på allmenningen. Stillinga skulle vera 10-20 % men har synt seg å verta noko større.



Figur 1. Fordeling av timeressursen til dagleg leiar/fjellopsyn. Totalt gjekk det med 513 timar.

Tenestosal

Fjellstyret hadde ingen aktive tenestesalsavtalar ved starten av året. Sal av oppsynstenester vart vurdert å vera eit viktig grep for å betra den skrantande økonomien i fjellkassa, i tillegg til at ein meinte at det er stor eigen nytte i å vera til stades i fjellet uavhengig av om det er i eigen regi eller om det er i oppdrag for andre. Fjellstyret tok difor opp dialogen med slike aktørar og inntrykket har vore at det er behov for fjellopsynstenester, men at det gjerne tek litt tid. Tabellen under syner kva tenestosal fjellstyret hadde i 2024.

Tabell 1. Oversyn over tenestosal i 2024.

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåve	Timetal
Luster kommune	Skotpremiekontroll	6
Vest-Jotunheimen villreinutval	Jaktoppsyn	23
Luster vestre fjellstyre	Jaktoppsyn hjortejakt	15,5
Tenestosal samla:		44,5

Villreinformvaltning og -jakt i Reinheimen-Breheimen villreinområde

Stamma i Breheimen sørområde var over bestandsmålet som var fastsett i den nye bestandsplanen. Etter det fjelloppsynet kjenner til var det ikkje dyr som oppheldt seg i Luster over tid i 2024.

Fjellstyret administrerer jakta på vegne av Luster fellesområde, som elles består av Jostedal fjellstyre, Nørdestedalen sameige, Mjølver og Fåberg sameige samt Bolstad og Heltne sameige. Jakta føregår i Skjåk i samsvar med jaktavtalen med Skjåk Almenning. Luster fellesområde fekk 61 løyve, av desse var 31 fjellstyret sine. 37 dyr vart felte, det svarer til ein fellingsprosent på 61%, som er innanfor normalen.

Villreinformvaltning og -jakt i Vest-Jotunheimen villreinområde

Villreinstammen i Vest-Jotunheimen var framleis under bestandsmålet, så det vart ikkje lagt ut mange løyve. Statsallmenningen utgjør eit eige vald, og dette fekk eitt fritt løyve, eit simle/ungdyr-løyve og tre kalveløyve. To av kalvane vart ikkje felte.

Fjellstyret gjorde vedtak på å støtta framlegget om å slå saman alle valda i villreinområdet til eitt. Dei gamle valda vert med dette jaktfelt. Føremålet var å verta kvitt problemet med at små vald vert så hardt råka av at ein alltid skal runda av nedover ved løyvetildeling. Eit vald som hadde areal tilsvarande 90% av eit løyve vart med den gamle ordninga aldri tilgodesett med eitt.

Det vart ført jaktoppsyn på oppdrag frå Vest-Jotunheimen villreinutval.



Rein rett sør for Tisedalshøgdi 31.august. Foto: Inger Moe

Fiske og fiskestell

Luster austre statsallmenning er med på det store felleskortet som Luster kommune administrerer, salet av desse fiskekorta har halde seg stabilt dei siste åra med unntak av ein topp i 2021.

Det vert også lagt ut fiskekort saman med fjellstyra for Lom og Vågå, under overskrifta Fiskekort for Jotunheimen, på inatur.no. Avtalen vert administrert av Lom fjellstyre. Inntekta herifrå i 2024 var knappe 18 000 kr.



Fiskekortet for Luster austre statsallmenning og Fortun grunneigarlag gav ei samla inntekt på vel 14 000 kr som vart fordelt 60 % til fjellstyret og 40 % til grunneigarlaget.

Fjellstyret sel også fiskekort i appen Perfish. Dette er kort berre for statsallmenningen, og det brukar å vera 8-10 sal pr år.

Åtte fiskarar vart kontrollerte av fjelloppsynet, av desse hadde så mange som fire ikkje løyst fiskekort. To løyste fiskekort på staden, og to vart bortviste. Ingen av tilfella resulterte i politimelding ettersom dei ikkje hadde utstyr i vatnet då dei vart kontrollerte.

Småvilt

Rypebestanden hadde teke seg opp ein god del frå jaktstopp-året 2023, og fjellstyret valde å opna for småviltjakt med avgrensa kortsal og makstal på fangst pr dag. Det vart selt 166 kort på inatur.no som gav ei netto inntekt på om lag 72 000 kr.

Oppsynet samtala med ni småviltjegrar, av desse vart fire kontrollerte. To mangla dokumentasjon på at dei hadde kjøpt jaktkort. Begge fekk ei åtvaring, og begge la fram dokumentasjon seinare same dag.

Prestasteinshytta

Hytta ved Prestesteinsvatnet vart teken i bruk i 2003. Hytta er 60 kvadratmeter, pluss uthus med do og bod. Ho har tre soverom, vaskerom, stove med kjøkenkrok, gang og vindfang. Hytta ligg til leige på inatur.no frå starten av mai til medio oktober.

Hytta er særleg populær blant fiskarar, men er også fin som utgangspunkt for fotturar i området. Veggen ned til hytta vart ikkje brøytt i 2024, og det lei langt på våren/sommaren før den siste fonna over veggen var borte.

Netto inntekt frå dei 119 utleigedøgna var 97 000 kr. Av gjestedøgna var fem innanbygds, dvs at dei fekk 400,- i avslag på leigeprisen.

Det har vore gjort noko mindre vedlikehald på hytta, mellom anna utbetring av avløpet frå doen og reparasjon av underkledning over trammen. Nokre asfaltplater under golvet har begynt å detta ned, noko som fører til at isolasjonen sig og det vert gode tilhøve for musebol. I tillegg til å utbetra dette ønsker fjellstyret på sikt å erstatta bøttedoen med ei toalettløsning som krev mindre tilsyn.



Gjertvasshytta

Gjertvasshytta frå 2017 har fem sengeplassar, eit bord og stolar og ein liten kjøkenkrok med nokre gassbluss, enkelt og greitt. Gjennom utleige på inatur.no hadde fjellstyret 47 utleigedøgn (fem av desse innanbygds), som gav ei netto inntekt på vel 18 000 kr.

I 2024 fekk Gjertvasshytta seg eit løft,- taket vart isolert og tekt med torv, det vart sett inn vedomn, og dei største sprekkene mellom laftekassen og taket vart tetta. I tillegg vart det laga til ein benk og tram framfor hytta og trapp inn til tilbygget. Inne vart det hengt opp ei ekstra hylle, og innreinga elles vart stramma opp.



Torva vart flogen opp til Gjertvasshytta med helikopter



Eit lag markplater under torva gjev god isolasjon



Det vart tetta slik at ikkje det skal leggja seg fokkskavlar i sengene



Den nye vedomnen vert truleg kjærkomen for blaute fjellfolk

Båtar og naust

Fjellstyret har tre båtar, eit på Prestasteinsvatnet, eit i vestre enden av Hervavatnet og eit på det Indre Hervavatnet (heng saman med Hervavatnet når vasstanden er høg). Nausta er av den enkle sorten, store røyr som er delvis gravne inn i bakken. I 2024 var det berre båten på Prestesteinsvatnet som vart brukt. Det er behov for å etablera eit opplegg for utleige av båtane, og det er noko etterslep på vedlikehaldet.

Fjellsport og turbruk

Mange stader i allmenningen vert nytta av grupper og enkeltpersonar til fjellsport og klatring. Om våren er det mange som tek seg på ski opp på tindane og dei vel gjerne svært bratte ruter nedatt. Toppturaktiviteten er i auke. Det er dei toppane som ligg nærast bilveg og som kan nåast utan vesentleg unnabakke eller flate parti som er mest populære, slik som Steindalsnosi, Dyrhaugstind, Ringstind og Lauvnostind.

Om sommaren vert tindane i Hurrungane nytta til klatring både av privatfolk og verksemdar som driv kommersiell fjellføring.

DNT har mange merka turruter i Luster austre allmenning. Desse vert haldne ved like og opprusta med jamne mellomrom. Turistforeining har også to hytter på statsallmenningen; Fannaråkhytta og Olavsbu. Sistnemnde er den største sjølvbetjeningshytta til DNT Oslo og Omegn, med 52 sengplassar og om lag 3000 overnattande gjester kvar år. I tillegg har ein Medalsbu som fungerer som naudbu på ruta mellom Nørdestedalseter og Trulsbu og som tilsynsbu i samband med sauedrift. Hytta vart bygd på 1930-talet, men dårleg vedlikehald førte til at ho forfall, til ho heldigvis vart restaurert av Leidulf Veka og er no i god stand.

Til påske vert nokre av DNT sine løypetraséar stikka, det er Steinar Mørkrud som stikkar løypene gjennom statsallmenningen.




Fig 2. Kart over DNT-løyper som vert stikka til påske.

Økonomi

Rekneskapen for 2024 syner eit overskot på 40 996 kr. Det var utfordrande å få saman eit budsjett, og ein vart samde om å sjå på det som eit slags omstillingsår der ein vedtok eit budsjett med relativt stort underskott, men med klår målsetnad om å snu trenden. Kompetanseheving, gjennomgang av fjellstyret sine diverse avtalar, samt etablering av tenestosal gjev gjerne ikkje utteljing før året etter. Då kommunen sette av 80 000 kr i utviklingstilskot til fjellstyret klarte ein likevel å få eit positivt resultat.


Fjellstyret har hatt vesentleg auka utgifter til løn, fyrst og fremst fordi det er lagt ned mange fleire timar enn i 2023. Elles har det vore utgifter til prosjektet på Gjertvasshytta ut over dei 38 000 kr fjellstyret fekk i tilskot frå grunneigarfondet. Tippemiddelsøknaden til Gjertvasshytta er ikkje handsama enno. Det har vore ein del reiseverksemd (sjå avsnitt om møte og deltaking). Datamaskin og uniformsplagg vart også kjøpt inn i samband med tilsetjinga.

For fullstendig oversyn over økonomien i fjellkassa syner me til vedlagde rekneskap godkjend av revisor BDO AS.


Fortun, 7. april 2025
Luster austre fjellstyre




Knut Hauge
styreleiar



Jonny Gjerde
nestleiar



Monica Svensøy
styremedlem



Steinar Mørkrid
styremedlem



Wenche Samnøy
styremedlem